

**Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag  
Instedalen Skule 01.03.14 kl. 14.**

**Referat.**

**Saksliste:**

Møtte: Atle Fimland, Olav Svoen, Narve Fimland, Inge Svorstøl, Egil Eimhjellen, Olav Fimland, Marius Nes, Gudmund Eimhjellen, Arne Dvergsdal, Andreas Sørebbø, Leif Arne Hundeide, Sigmund Svoen, Odd Vonen, Ståle Fimland, Normund Svoen.

**Sak 1 Val av møteiar.**

Valg av møteiar: Normund Svoen vart valgt

**Sak 2 Val av skrivar.**

Skriver: Ståle fimland vart valgt

**Sak 3 Val av 2 til å skrive under møteboka**

Underskrifter 2stk. Narve Fimland og Egil Eimhjellen

**Sak 4 Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart sendt ut på sms og lagt ut på nettet og i avisa.

Innkallinga vart godkjent

**Sak 5 Godkjenning av dagsorden**

Sakliste vart lagt ut på nettsida. Kom inn ei sak under eventuelt. Gjelder parkeringsplass

Sakliste vart godkjent.

**Sak 6 Årsmelding 2013.**

Leiar gjekk gjennom årsmeldinga. Denne har og vore lagt ut på nettsida.

Info om stimerking prosjektet. Er eit positivt prosjekt.

Info om rapport villreinområdet alle dyr som vart gjett løyve til vart felddt. Fødde 28 kalver og det er betre enn på lenge. 95-97 dyr er i stammen no som er likt med målet på 100 dyr. Dette er bra. Skal lage ny driftsplan får 2014 får å kunne gje ut løyver til jakt i år. I den nye driftsplanen blir da lagt opp til litt auka utskytning 15- 18 dyr. Dette grunna bedre tilvekst i stammen. Lite søknadar på løyvene i Instedalen, håper dette blir bedre no når det kanskje blir fleire tildelte løyver.

Gjennomgang av alle aktuelle prosjekter som er på gang og under oppstart.

Skal starte opp prosjekt på småviltforvaltninga i området i samarbeid med landskapsvernområdetstyret og jeger og fiskelaget. Dette for å få med fleire kommuner slik at det blir et betre grunnlag for prosjektet.

Årsmeldinga viser mange gode tiltak og god aktivitet i utmarkslaget.

Årsmeldinga vart godkjent

### **Sak 7 Rekneskap for 2013**

Gjennomgang av rekneskapen for 2013. Litt auka inntekt på fiskekort og båtlege. God inntekt på parkeringsplassane etter at dette vart oppretta.

Rekneskapen viser eit lite underskot men dette kjem av investeringa i nye båtar. Laget har i overkant av 75000kr. Båtane blir ei god investering.

Gjennomgang av prosjektkontoentil laget. Denne viser god styring av prosjekta.

Rekneskapen er revidert og godkjent av revisorane.

Rekneskapen vart godkjent.

### **Sak 8 Val**

- Val av leiar
- Val av 2 styremedlemer
- Val av 2 varamedlemer
- Val av 2 revisorer
- Val av 2 personar til valnemd

#### **Styret 2014**

Styret:	Leiar	Normund Svoen	Attval
Styremedlem:		Odd Vonen	Attval
		Arne Dvergsdal	Attval
		Gudmund Eimhjelen	Ikkje på val
		Kjell Klopstad	Ikkje på val
Varamedlem:		Narve Fimland	Attval
		Kjell Arne Teigen	Attval
Revisor:		Olav Svoen	Attval
		Kjetil Fimland	Attval
Valnemd:	leiar.	Marius Nes	vald som ny leiar
		Inge Svorstøl	vald som ny medlem

### **Sak 9 Eventuelt**

**Betaling av parkeringsavgift på parkeringsplassane:** Det er komt inn framlegg om at medlemmer av utmarkslaget skal kunne parkere vederlagsfritt og ikkje berre grunneigarane.

Lagt opp til diskusjon rundt temaet. Førrige årsmøte kom fram til at det berre er grunneigarane som skulle parkere gratis. Det er ynske om å endre dette til å gjelde alle medlemmer av utmarkslaget. Vil bli noko vedlikeholdskostnader med parkeringsplassen ved Vonavatnet der det vil krevast inntekter for å dekke inn desse.

**Vedtak: Styret for fullmakt til å jobbe vidare med dette og ta ei avgjerd i saka.**

Burde vore merking av garn med namn slik at det det kan slåast ned på evt. ulovlege maskevidder.

**Vedtak Merking av garn: Styret får fullmakt til å jobbe vidare med dette og tar avgjerd**

Ref

Ståle Fimland